

Stiftelsestilsynet – hjelpeskjema

Hjelpeskjema skal fyllast ut av søkjaren og leggst ved søknad om oppheving av bandlagt pliktdelsarv.

Stiftelsestilsynet kan etter nærare reglar oppheve bandlagt pliktdelsarv (arvelova § 32) etter reglane i stiftelseslova kapittel 6.

Etter arvelova § 32 første ledd kan arvelataren i særlege tilfelle, og når omsynet til arvingen talar for det, bandlegge pliktdelsarv i testament. I praksis er det lagt til grunn at bandlegging av pliktdelsarv er særleg aktuelt i tilfelle der personlege forhold hos arvingen tilseier bandlegging, typisk ved rusmisbruk, alvorleg psykisk sykdom o.l. Terskelen for å sei at vilkåret for bandlegging er oppfylt, er høg. Endring eller oppheving av bandlegginga følgjer reglane i stiftelseslova kapittel 6.

For at Stiftelsestilsynet skal kunne behandle søknaden, må de sende oss dokumentasjonen nemnt nedanfor. Manglende dokumentasjon vil føre til at søknaden blir avvist/avslått.

Kontrollér difor at følgjande vurderingar er gjort, og at dei nødvendige dokument er lagt ved:

	kryss av
<p>1. Rettsgrunnlaget for bandlegginga</p> <p>Det må sendast inn kopi av testament som dannar grunnlaget for bandlegginga.</p>	<input type="checkbox"/>
<p>2. Bakgrunnen for bandlegginga</p> <p>Det må gjerast greie for kvifor arven vart bandlagt. Eventuell dokumentasjon for bakgrunnen må sendast inn.</p>	<input type="checkbox"/>
<p>3. Grunngeving for søknaden</p> <p>I søknaden må det dokumenterast at vilkåra for bandlegginga etter arvelova § 32 første ledd ikkje er til stades. Dvs. at det ikkje lenger ligg føre særlege tilfelle, eller at omsynet til arvingen ikkje talar for bandlegging. Når det er naturleg, skal det leggst ved erklæring frå lege o.l. som dokumentasjon på endra forhold.</p> <p>Stiftelsestilsynet skal vurdere om vilkåra for å oppheve bandlegginga er oppfylt.</p>	<input type="checkbox"/>
<p>4. Uttale frå nærstående til arvelataren</p> <p>Slektingar eller nærstående av arvelataren skal få høve til å uttale seg om søknaden, sjå stiftelseslova § 49. Slik uttale skal hentast inn på førehand og leggst ved søknaden.</p> <p>Er det ikkje er mogeleg å hente inn slik uttale, skal det grunnjevast i søknaden.</p>	<input type="checkbox"/>
<p>5. Uttale frå tillitsmann</p> <p>Den som er oppnemnt som tillitsmann for arvingen skal få høve til å uttale seg om søknaden. Uttalen skal leggst ved søknaden.</p>	<input type="checkbox"/>
<p>6. Opplysning om søkjars noverande økonomiske situasjon</p> <p>Utskrift av siste års skattemelding må leggst ved.</p>	<input type="checkbox"/>